



## Allmenne føresegner for Dei heilage tre dagane – skjærtorsdag, langfredag og påskenatt

1. Påsken er den viktigaste av dei tre store høgtidene i kyrkjeåret, og har sin særeigne dramaturgi i gudstenestelivet i kyrkjelydane. Ein går her ut frå at dette blir lagt til grunn for den planen kyrkjelydane har for gudstenestene i den stille veka.
2. Høgtidsgudstenesta på første påskedag er det naturlige høgdepunktet i påskefeiringa. Alle kyrkjelydane bør ha høve til å feire høgtidsgudsteneste denne dagen eller på andre påskedag eller unntaksvis på den påfølgande søndagen.
3. Dei tre dagane skjærtorsdag, langfredag og påskeaftan/påskenatt er ein opptakt til første påskedag, og dei utgjer ei heilskapleg liturgisk ramme rundt påskens drama. Der det er mogleg, bør kyrkjelyden få høve til å feire alle disse tre gudstenestene, men kvar gudsteneste kan også bli feira for seg. Fleire kyrkjelydar kan gå saman om en felles heilskapeleg feiring.
4. Der ei eller fleire av dei tre gudstenestene er i bruk, vedtek soknerådet ei lokal grunnordning for forma på skjærtorsdag, langfredag og påskeaftan/påskenatt og samanhengen mellom dei. Ordninga supplerer grunnordninga for hovudgudstenesta, og følgjer same vedtaksprosess.

Soknerådet avgjer:

- a. Om det skal være eit måltid i samband med gudstenesta skjærtorsdag
  - b. Om fotvasking skal inngå i skjærtorsdagsgudstenesta
  - c. Om det skal bli brukt røykelse på påskenatt
5. I kyrkjelydar der ein ikkje finn ressursar til å feire meir enn éi gudsteneste i løpet av den stille veka og påsken, kan soknerådet vedta ei lokal ordning for ei «samlegudsteneste» for denne perioden.

# Dei heilage tre dagane – ordning for skjærtorsdag

I forkant av gudstenesta kan kyrkjelyden bli invitert til eit måltid med vekt på fellesskap. Måltidet blir avslutta i rimeleg tid før gudstenesta startar.

Dersom soknerådet har vedtatt at fotvasking inngår i gudstenesta, skjer dette etter ledd 16 Kunngjeringar.

## I. Samling

### 1 | Førebuing

Kyrkjerommet er ope ei stund før gudstenesta, med høve til stillheit, lystenning og bøn.

#### *Klokkeringing*

Her eller etter ledd 3 Helsing kan det vere

*Kort informasjon om gudstenesta i dag ved medliturg eller liturg.*

Informasjonen blir avslutta med:

**ML/L** | Lat oss vera stille for Gud.

*Kort stille stund*

*Tre klokkeslag*

Eit stjernetekn (\*) er sett til ledd der kyrkjelyden som hovudregel står.

### \* 2 | Inngangssalme

Som preludium kan det framførast vokal- eller instrumentalmusikk som svarar til dagens karakter. Til vanleg blir dette gjort som forspel til salmen.

Det kan vera prosesjon under preludiet/forspelet og/eller inngangssalmen. Prosesjonskross bli bore fremst i prosesjonen. Lys og tekstbok, brød og vin kan også bli bore inn.

Dersom brød og vin ikkje er sett fram på eit eige sidebord, eller på alteret

før gudstenesta, blir dette bore inn i prosesjonen og blir sett på sidebordet eller på alteret.

Kyrkjelyden står under prosesjon, Inngangssalme og Helsing

### \* 3 | Helsing

### 4 | Samlingsbøn

Samlingsbøn med følgjande kyrkjeårsvariabelt ledd eller ei anna samlingsbøn.

**ML** | Lat oss be.

... Du kallar oss til å følgje Jesus,  
han som gav avkall på sitt eige for å tena deg ...

### 5 | Syndsvedkjenning

Følgjer her, eller som ledd 17  
Syndsvedkjenninga kan bli utvida med allment skriftemål. Sjå rettleiing.

### 6 | Kyrie

### 7 | Gloria

Gloria kan utelatast

### 8 | Dagens bøn

Dagens bøn kan utelatast.  
Bøna blir sunge eller sagt fram.

Bøna blir innleidd med:

**L** | Lat oss alle be.

**L** | Herre Jesus Kristus,

du ga deg sjølv til soning for syndene våre og byr oss inn til ditt heilage måltid.

Vi ber deg: Sameina oss med deg i brødet og vinen. Ver oss nær sjølv når vi sviktar, og lat oss med heile di kyrkje samlast hos deg i ditt fullenda rike, du som med din Far og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve og til æve.

**K** | **Amen.**

## II Ordet

### **9 | Første lesinga**

### **10 | Bibelsk salme /Salme**

### **11 | Andre lesinga**

### **\*12 | Evangelium**

### **13 | Preike**

### **\*14 | Truvedkjening**

### **15 | Salme**

### **16 | Kunngjeringar**

Kan bli lagt her eller ein annan stad i gudstenesta, eller formidla til kyrkjelyden på annan måte.

Fotvasking kan følgje her, i dei kyrkjelydane som har gjort vedtak om dette. Sjå rettleinga.

### **17 | Syndsvedkjening**

Følgjer her eller som ledd 5. Syndsvedkjenninga kan bli utvida med allment skriftemål. Sjå rettleinga.

## 18 | Forbøn

Forbøna kan utformast lokalt, eller ein kan bruka ferdig formulerte bønner. Forbøna bør helst leiast av ein medliturg. Følgjande forbøn kan bli brukt.

**ML/L** | Lat oss be.

**ML/L** | Gud, vår Far; I denne natta, då han vart sviken, vaska Jesus føtene til læresveinane. Vi ber deg: Gje oss kraft til å følgje eksempelet hans og tene kvarandre i kjærleik.

**K** | **Kyrkjelydssvar**

**ML/L** | I denne natta, då han braut brødet, bad han om at dei alle skulle vere eitt. Vi ber deg: Styrk di kyrkje på jorda og gi einskap mellom dei truande.

**K** | **Kyrkjelydssvar**

**ML/L** | I denne natta bad han for dei som kom til tru gjennom vitnemålet til læresveinane. Vi ber deg: La evangeliet bli forkynt til frelse, frigjering og håp.

**K** | **Kyrkjelydssvar**

**ML/L** | I denne natta bad han læresveinane om å vise kjærleik, men vart sjølv utstøytt og forakta. Vi ber deg: Hald di hand over alle som er einsame og åleine.

**K** | **Kyrkjelydssvar**

**ML/L** | I denne natta møtte han verdas hat. Han bad for sine læresveinar, at dei skulle bli bevart frå det vonde. Vi ber deg: Ver hos dei som blir utsette for menneskes ondskap og er forfølgd for si tru.

**K** | **Kyrkjelydssvar**

**ML/L** | I denne natta løfta han frelsesbegeret og gjekk lydig mot døden. Han gav oss håpet om at vi ein gong skal sjå hans herlegdom og vere der han er. Vi ber deg: Hald håpet levande i oss. Lat oss finne kvile hjå deg, til du reiser oss opp på oppstodas morgon.

**K** | **Kyrkjelydssvar**

## 19 | Takkoffer

Kyrkjelydens takkoffer kan følgje her eller under nattverdsalmen.

## III Nattverd

Ordninga for nattverd ved hovudgudstenesta blir brukt. Ved innstiftingsorda VERBA kan liturgen innleie med følgjande ord:

**L** | Vår Herre Jesus Kristus, i denne natta, då han vart sviken, tok han eit brød ...

## IV Sending

Gudstenesta kan bli avslutta med avdekking av alteret. Ledd 25 - 27 i liturgien kan då utgå. Avdekkinga kan ha ei kort innleiing med eit skriftord før alterlysa sløkkjest. Sjå rettleiinga

Der det er mogleg, bli også elektriske lys dempa. Under avdekkinga kan det vere vokal - eller instrumentalmusikk eller stillheit.

Avdekkinga kan også følge etter ledd 25 Velsigninga. Etter avdekkinga kan følgjande skriftord bli lese:  
**L/ML** | Timen er komen. Menneskesonen skal gjevast over i syndarhender. Stå opp, lat oss gå! **MARK 14,41**

Kyrkjerommet kan være ope ei stund etter gudstenesta for stillhet og bøn. Sjå rettleiinga.

### **24 | Salme**

### **25 | Velsigning**

**L/ML** | Herren vere med dykk

**K** | **Og med deg vere Herren**

*Eller*

**L/ML** | Lat oss prisa Herren

**K** | **Gud være lova, halleluja, halleluja, halleluja**

*Eller*

**L** | Ta imot velsigninga.

**L** | Herren velsigne deg og vare deg. Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig. Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred. +

**K** | **Amen, amen, amen**

**26 | Utsending**

**27 | Postludium**

# Dei heilage tre dagane - ordning for langfredag

Ringing blir erstatta med klemting før gudstenesta. Alterbordet er avdekka og utan lys.  
Gudstenesta kan begynne med instrumental- eller vokalmusikk.

## I. Samling

### 1 | Inngangssalme

### 2 | Samlingsbøn

Utan helsing eller innleiing.

**L** | Evige, nådige Gud,

Du sendte Sonen din for å lida og døy for vår skuld. Vi bed deg:

Opnea hjartet vårt for gåtene i Kristi kross.

Lat krossen bli eit teikn på håp

i ei verd merkt av liding og vondskap, ved Son din Jesus Kristus, vår Herre,  
som med deg og Den heilage Ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve.

**K** | **Amen.**

## II. Ordet

### 3 | Lesing av lidingshistoria.

Lidingshistoria blir lese i ein fireårs-syklus. Kyrkjelyden kan stå under siste lesing. Etter kvart avsnitt kan det syngjast ein salme eller ein del av ein salme. Alternativt kan heile teksten lesast i samanheng, med ein salme før preika. Bibelteksten kan bli delt på tre lesarar som har ulike roller, sjå rettleiinga. Teksten kan også syngjast.

**ML** | Lat oss høyre vår Herre Jesu Kristi lidingshistorie frå evangeliet etter ...

*År A Matt 26,30-68*

*År B Mark 14,26-65*

*År C Luk 22,39-62*

*År D Joh 18,1-27*



## Salme eller bibelsk salme

År A Matt 26,69-27,31a

År B Mark 14,66-15,20a

År C Luk 22,63-23,25

År D Joh 18,28-19,16

## Salme eller framhald av same salme

År A Matt 27,31b-50

År B Mark 15,20b-37

År C Luk 23,26-46 År

D Joh 19,17-30

## Salme eller framhald av same salme

### 4 | Preike eller tekstmeditasjon

### 5 | Salme

Salmen kan erstattast av meditativ musikk.

Her eller etter forbøna kan følgje:

### 6 | Krossmeditasjon

Kyrkjelyden blir gitt tid til å meditere føre ein kross som er plassert framme i kyrkjerommet eller som blir bore inn eller blir reist opp under dette leddet. Sjå rettleiinga.

Liturgen og kyrkjelyden messar eller seier fram:

**L | Kristi kross**

**K | vårt einaste håp**

*Eller*

**L | Sjå Kristi kross, på det hang verdas frelsar.**

**A | Kom, lat oss tilbe han.**

Dersom krossen blir bore inn i prosesjon, reiser kyrkjelyden seg når krossen blir boren inn. Prosesjonen stansar tre gonger, og ein av dialogane over blir framsagt kvar gong.

Krossen blir plassert i ein fot framme i kyrkja.

Kyrkjelyden kan sitte eller knele under krossmeditasjonen, eller gå fram og knele ved krossen.

Under krossmeditasjonen kan det bli sunge passande salmar eller framført vokal- eller instrumentalmusikk.

Ved avslutninga av krossmeditasjonen følger denne lovprisinga:

**L | Vi tilbed deg, Kristus, og velsignar ditt namn,**

**A | for ved din heilage kross har du forløyst verden.**

## **7 | Forbønn**

### *Litaniet*

Deretter blir den følgjande bøna eller fastekollekten bedt.

Dersom det er førebudd lokalt, kan ein meir omfattande forbøn erstatte eller bli bede i forlenginga av litaniet.

**L | Nådige Gud,**

vi takkar deg fordi du gav din Son for våre syndar

og frelste oss frå dødens makt.

Ved hans liding og død forsona du alt i himmelen og på jorda, og ved han bed vi deg:

Kristus var gripen av frykt.

Gud, trøyst dei som har mista håp og livskraft.

Kristus vart tatt til fange;

Gud, hjelp alle som blir utsette for vald og fangeskap.

Kristus vart håna av folkemengda;

Gud, styrk dei som er utstøytte og forfølgde.

Kristus bar våre sjukdomar;

Gud, kom til alle som er tyngde av sjukdom og smerte.

Kristus var einsam i dødens time;

Gud, ver hos dei som kjempar med døden.

Kristus anda ut på krossen;

Gud, frigje skaparverket ditt frå utarming og øydelegging.

Gud vi ber deg:

Gjev kyrkja di kraft til å kjempe for rettferd og fred. Vend oss bort frå synda,

og lat oss ved din nåde å ta krossen vår opp

og følgje etter han som er trua sin opphavsmann og fullendar. For Jesu Kristi skuld.

**A | Amen**

Fadervår

### III. Sending

#### 8 | Slutningssalme

#### 9 | Velsigning

Punkt 9 kan utelatast og eventuelt erstattast av eit skriftord. Sjå rettleiinga.

**L | Ta imot velsigninga**

**L | Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig. Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred**

**A | Amen**

Her kan følgje:

#### 10 | Postludium

Vokal- eller instrumentalmusikk.

# Dei heilage tre dagane – ordning for påskenatt

Påskenatt er ifølgje gamal tradisjon vakenatt for Kristus. Det er også sterke dåpstradisjonar knytt til denne natta. Det blir derfor tilrådd å helle vann i døypefonten under punkt 9. Gudstenesta startar etter det har blitt mørkt og normalt ikkje før kl. 23.00.

Gudstenesta kan bli gjort enkel eller meir omfattande etter kva som er dei lokale behova. Sjå rettleiinga.

Dersom det er gjort lokalt vedtak om det, kan det bli nytta røykelse i gudstenesta. Sjå rettleiinga.

## I. Samling

### 1 | Innleiing

#### *Førebuing*

Det kan tennast eit lite bål utafør kyrkja. Om det er ønskjeleg, kan elden bli velsigna. Sjå rettleiinga.

Der forholda gjer det mogleg å tenna lys i kyrkjerommet, kan små lys bli delt ut ved bålet ute eller i våpenhuset. Lysa blir tent etter kvart frå påskelyset under prosesjonen.

Kyrkjelyden samlast rett utanfor eller inne i kyrkja. Kyrkjerommet er mørklagt eller berre svakt opplyst.

#### *Tenning av påskelyset*

Påskelyset blir tent frå bålet ute, eller på annan måte i våpenhuset.

Deretter kan liturgen innleie:

**L |** Kristus er i går og i dag den same, ja til evig tid. Han er Alfa og Omega, den første og den siste, opphavet og enden. Han tilhøyrer æra, no og i all æve.

Må lyset frå Kristus, som står opp i herlegdom, jage bort alt mørke frå hjarte og sinn.

#### **A | Amen**

#### *Inngangsprosesjon*

Påskelyset blir bore inn i prosesjon. På veg opp til koret stoppar prosesjonen tre gonger. Liturgen hevar lyset og syng eller seier :

**L |** Kristus, verdas lys!

#### **A | Gud være lova!**

Lyset set ein i staken, som er plassert i koret eller framfor alterringen.

## 2 | Påskelovsungen – Exsultet

I staden for Exsultet kan ein velje eit enklare alternativ der kyrkjelyden syng eit omkvad eller ein salme.

Påskelovsungen kan bli sunge med eller utan kyrkjelydsomkvad.

**Liturg eller Forsongar** | Fryd deg, du Guds englehær i himmelen. Jubla av glede, du Guds mysterium, basunen kunngrer sigeren som den store kongen vann.

Gled deg, du jord som lyser i ævelivs glans, all verda skal vita at mørkret har vike. Ver glad, du Guds kyrkje, kledd i glansen av så herleg eit ljøs, så hus og hall kan fyllast av lovsongsbruset frå frelste folkeslag.

**K | Omkvad: Dette er natta då Kristus braut dødens lekkjer og sigrande stod opp frå dødsriket.**

**L/ML | Lyft dykkar hjarte.**

**K | Vi lyfter våre hjarte til Herren.**

**L | Lat oss takka Herren vår Gud.**

**K | Det er verdig og rett.**

**L/ML** | I sanning verdig og rett er det å lovsyngja den usynlege og allmechtige Fader og hans einborne Son, Jesus Kristus, vår Herre, han som for oss betalte Adams skuld til den evige Far, og som ved sitt dyrebare blod strauk ut det gamle skuldbrevet.

**K | Omkvad**

**L/ML** | Ja, dette er påskefesten, då det sanne Lammet vart slakta, og med blodet frå dette Lammet vert dørstolpane hjå dei truande helga. Dette er den natta, då du førte fedrane våre, Israels born, ut or Egypt og lét dei gå turrskodde gjennom Raudehavet.

**K | Omkvad**

**L/ML** | Ja, dette er den natta, då lyset frå eldstolpen dreiv syndemørkret bort. Dette er den natta då alle som trur på Kristus, vart fridde frå lastene i denne verda og syndemørkret, då du gjev dei nåde på nytt og fornyar og helgar dei. Dette er den natta då Kristus braut dødens lekkjer og sigrande stod opp frå dødsriket. For det hadde aldri gagna oss å verta fødde dersom vi ikkje også hadde vorte atterløyste.

**K | Omkvad**

**L/ML** | Å, kor underfull er den godleik som du ærar oss med. Å, kor grenselaus er di kjærlege miskunn, du som gav Son din for å kjøpa trælen fri. Å, sæle natt, som einast var verdig til å kjenna timen og stunda då Kristus stod opp frå dei døde. Dette er natta som det står skrive om: «Natta skal lyse som dagen, ja, mørkret skal vera som lyset».

**K | Omkvad**

**L/ML** | Å, sæle natt, som sameinar det himmelske med det jordiske, det guddommelege med det menneskelege. Difor bed vi deg, Herre: Lat dette ljuset brenna utan slutt og driva bort mørkret frå denne natta. Lat morgonstjerna finna det brennande, den stjerna som ikkje veit av nedgang, Kristus som er vendt attende frå dei døde og lyser for menneskeslekta.

**K** | *Omkved*

**L/ML** | Derfor bed vi deg, Herre, at du i denne glederike påsketida vil gje fred til oss, ditt folk, og til alle dine tenarar. Styr og lei oss, og tak oss i di mektige varetekt, ved Son din, Jesus Kristus, vår Herre, han som med deg og Den Heilage Ande lever og råder, éin sann Gud frå æve og til æve. Amen.

**K** | *Omkved*

## II. Ordet

### 3 | Frå Det gamle testamentet

**L/ML** | I denne natt reiste Gud Jesus Kristus opp frå dei døde og førte liv og udøyelegdom fram i lyset. Lat oss høyra korleis Gud i opphavet skapte alt ved sitt mektige ord, i tidligare tider redda folket sitt og då tida var mogen sende sonen sin, vår frelsar.

Det blir lese frå eit utval av tekstar frå Det gamle testamentet. Ein les minst to tekstar, og 2 Mos 14 skal alltid vera med. Ein kan be ei bøn etter kvar tekstlesing, ein kan syngja salmar eller bibelske salmar mellom kvar lesing. Sjå tillegg for bibeltekstar og bønner.

### 4 | Lovprising – GLORIA

Under denne songen blir lyset i kyrkja tend og kyrkjelyden kan sløkkje sine lys. Det kan ringjast med kyrkjeklokkene.

### 5 | Frå Det nye testamentet

ROM 6,3-11

## 6 | Påskeevangeliet

### *Halleluja*

Evangelielesinga blir innleidd og avslutta med eit hallelujaomkvede eller eit salmevers med hallelujaomkvede.

Ein kan og ha evangelieprosesjon. Den som ber boka kan bli følgd av lysberarar.

### *Evangelielesing*

MARK 16,1-8

Om det er ønskeleg, kan ein ein lese påskeevangeliet frå eit av dei andre evangelia.

## 7 | Preike – tekstmeditasjon

## 8 | Salme etter preika

## III Dåp – dåpsåminning

### 9 | Innleiing til dåp – dåpsåminning

Ein heller vatnet i døypefonten.

Dersom det er dåp i gudstenesta, blir ordning for dåp med følgjande endringar, nytta:

- Tekstlesinga under punkt 1) Mottaking til dåp blir utelate
- Punkt 2) Dåpssalmen blir utelate.
- Innleiinga til punkt 5) Forsakinga og trua blir erstatta av punkt 10) Forsaking og truverdskjenning i denne ordninga.
- Ordning for dåp blir følgd til punkt 6) Dåpshandlinga, før påskennattsgudstenesta held fram med punkt 11) Bøn og lovprising

Dåpshandlinga har påskennatt følgjande innleiing:

**L |** I namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande.

Kjære kyrkjelyd, i denne påskennatta er vi blitt minna om korleis vi i dåpen fekk del i den frelsa som Jesus har vunne for oss.

(Med takk og glede ...)

Dersom det ikkje er dåp påskennatt, blir berre innleiinga over lese.

### 10 | Forsaking og truverdskjenning

**L |** Vi vart døypte til å leve i forsaking, tru og teneste for Gud og vår neste. Lat oss difor med lovprising og takk vedkjennast forsakinga og trua som lydde då vi vart døypte:

*Forsakinga*

*Den apostoliske truvedkjenninga*

## **11 | Bøn og lovprising**

**L** | Trufaste Gud, vi takkar deg for dåpen og løftet om at Jesus er med oss alle våre dagar. Bevar oss i trua på deg, så vi kan vandre i lyset og nå det evige målet i ditt rike. Gud, høyr vår bøn.

**A** | **Amen.**

**L** | Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har atterfødt oss til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde! (1 Pet 1,3)

## **IV. Nattverd**

### **12 | Salme**

Under salmen blir lysa på alteret tende, dersom dei ikkje blei tende under Gloria. Alteret kan også bli dekkja her.

Her følger ei av nattverdordningane for hovudgudstenesta.

## **V. Sending**

### **13 | Velsigning**

**L** | Lat oss prisa Herren!

**A** | **Gud være lova! Halleluja, halleluja, halleluja!**

**L** | Herren velsigne deg og vare deg ...

**A** | **Amen, amen, amen**

Det blir slått tre gonger tre slag med kyrkjeklokka.

### **14 | Salme**

Under salmen tenner kyrkjelyden lysa sine (dersom det er delt ut lys ved starten av gudstenesta) og følgjer prosesjonen ut av kyrkja. Gudstenesta kan bli avslutta framfor kyrkja ved at liturg og kyrkjelyd éin eller tre gonger seier:

**L** | Kristus er oppstaden.

**A** | **Ja, han er sanneleg oppstaden!**